



DET KONGELEGE
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 14

(2003–2004)

Om opplæringstilbud for hørselshemma

Innhald

1	Innleiing og samandrag	5			
1.1	Innleiing	5	5.2.1	Barnehagetilbod	13
1.2	Nokre omgrep	5	5.2.2	Tilbod på grunnskolenivå	13
1.3	Samandrag og konklusjonar	6	5.2.3	Tilbod i vidaregåande opplæring	14
2	Kort historikk om opplæringstilboda for hørselshemma	8	5.3	Tilbodet til hørselshemma frå det samiske miljøet	15
2.1	Omstruktureringa av spesialundervisninga frå 1992: Frå statlege spesialskolar til statlege spesialpedagogiske kompetansesenter	8	5.4	Tilbodet til døve og sterkt tunghørte elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn	16
2.2	St.meld. nr. 23 (1997–98) og utvikling til eit statleg spesialpedagogisk støttesystem	8	5.5	Samarbeid med hjelpemiddelsentralane	16
2.3	Mål for opplæringa. Kommunalt og fylkeskommunalt ansvar, og oppgåvene til Statped	8	6	Departementet si vurdering av det samla framtidige opplæringstilbodet og butilbodet for heiltidselevar	17
2.4	Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped)	9	6.1	Framtidig organisering av førskoletilbodet i Oslo-regionen	17
3	Sunnanåutvalet: Mandat, forslag og høringsfråsegner	10	6.2	Framtidig organisering av grunnskoletilbodet i Oslo-regionen	17
3.1	Mandatet	10	6.3	Grunnskoletilbod ved dei tre andre statlege kompetansesentra	17
3.2	Forslag frå utvalet	10	6.4	Vidaregåande opplæringstilbod for hørselshemma	18
4	Utviklinga innan medisinsk teknologi og kompetansehevings- tiltak for lærarar og foreldre	11	6.4.1	Evalueringa av opplæringstilboda ved knutepunktskolane	18
4.1	Utviklinga i medisinsk teknologi og omfanget av cochleaimplantat	11	6.4.2	Vurderingar og initiativ frå departementet	18
4.2	Utviklinga innan kommunikasjonsteknologi med særleg verknad for hørselshemma ...	11	6.4.2.1	Kongstein vidaregåande skole	18
4.3	Kompetansehevingstiltak for lærarar og foreldre	12	6.4.2.2	Bjørkåsen vidaregåande skole	18
4.3.1	Kompetanseheving i teiknspråk for lærarar	12	6.4.2.3	Skoletilbod for tunghørte ved Sandefjord vidaregåande skole.	19
4.3.2	Teiknspråkopplæring for foreldre	12	7	Flytting av Skådalen kompetansesenter til Huseby	20
4.4	Konklusjon	12	8	Framtidige oppgåver utanom heiltidsopplæring for kompetansesentra for hørselshemma	21
5	Skoletilbod og andre tenestetilbod for hørselshemma elevar i dag	13	8.1	Generelt om dimensjoneringa, organiseringa og arbeidsdelingane mellom kompetansesentra og fylkesledda (fylkesaudiopedagogane)	21
5.1	Rettar etter opplæringslova	13			
5.2	Organisering	13			

8.2	Framtidige tilbud for hørselshemma – meir fleksibilitet i høve til brukarane og oppdragsgivarane sine behov	21	9.3.1	Mandat og alternative forslag	23
8.3	Skole- og miljøtilbod	22	9.3.2	Forslag frå arbeidsgruppa	24
8.3.1	Opplæring, deltid (under 12 veker) ..	22	9.3.2.1	Kurs og deltidsopplæring	24
8.3.2	Vaksenopplæring	22	9.3.2.2	Butilbod	24
8.4	Særskilt om utvikling av tilbudet ved Briskeby HLFs skole og kompetansesenter	22	9.3.2.3	Heiltidsopplæring	24
9	Oppgjersordning for kjøp av tenester ved statleg finansierte opplærings- og butilbod	23	9.4	Departementet sine vurderingar av og konklusjonar om den framtidige betalingsordninga for statlege og statleg finansierte tenester	24
9.1	Oppgjersordninga for opplæring og butilbod ved statlege og statleg finansierte senter i dag	23	9.4.1	Døve elevar med tilleggsvanskar og døvblinde elevar	24
9.2	Forslag frå Sunnanåutvalet	23	9.4.2	Betaling for kort- og deltidstilbod	24
9.3	Utgreiing frå ei tverrdepartemental arbeidsgruppe om framtidig betaling for statlege og statleg finansierte tenester	23	9.4.3	Oppgjersordning for butilbod og heiltids opplæringstilbod	24
			10	Personellmessige, økonomiske og administrative konsekvensar	26
			10.1	Personellmessige konsekvensar	26
			10.2	Økonomiske og administrative konsekvensar	26



DET KONGELEGE
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 14

(2003–2004)

Om opplæringstilbud for hørselshemma

*Tilråding frå Utdannings- og forskingsdepartementet av 12. desember 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing og samandrag

1.1 Innleiing

Departementet vil i denne meldinga orientere Stortinget om utviklinga innan hørselsfeltet og om den retninga som skal veljast i den vidare utviklinga av opplæringstilbud for dei hørselshemma.

I St.meld. nr. 23 (1997–98) *Om opplæring av barn, unge og vaksne med særskilde behov – Den spesialpedagogiske tiltakskjeda og det statlege støttesystemet* vart i liten grad hørselssektoren i Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet behandla.

I Innst. S. nr. 228 (1997–98) uttalte fleirtalet i komiteen, inklusive medlemmene frå regjeringspartia: «Flertallet er enig i at de aktuelle styrene foretar en gjennomgang av ressursituasjonen i hørselsomsorgen.»

Dette førte til at departementet oppnemnde ei arbeidsgruppe, Sunnanåutvalet, som skulle gå gjennom hørselssektoren og foreslå eventuelle endringar.

I Budsjetttinnst. S. nr. 12 (2002–2003) uttalte komiteen: «Flertallet viser til at Regjeringen i statsbudsjettet varsler en oppfølging av Sunnanåutvalgets innstilling i 2003. Flertallet ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en bred gjennomgang av spesialundervisningens plass i norsk

skole, og det statlige støttesystemets organisering og virksomhet, herunder også en vurdering av ressursbruk og resultater av spesialundervisning.»

I denne meldinga vil hørselssektoren innan Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet bli behandla.

Styringsordninga for Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet blir ikkje behandla her, ho vart vurdert i samband med utforminga av ein ny statleg utdanningsadministrasjon og presentert i Revidert nasjonalbudsjett for 2003 og i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2003–2004).

Heile det spesialpedagogiske feltet vil bli vurdert i stortingsmeldinga om oppfølginga av Kvalitetsutvalet si utgreiing.

1.2 Nokre omgrep

Hørselshemma kan noko forenkla delast i to grupper: døve og tunghørte. Norges Døveforbund har følgjande definisjonar:

Døvhet:

Høy-gradig hørselstap, medfødt eller ervervet, som i vesentlig grad reduserer mulighetene for: a)

oppfattelse av tale via hørselen og b) kontroll av egen taleproduksjon.

Tunghørthet:

Hørselstap av mer moderat karakter, og som eventuelt ved hjelp av høreapparat ikke er til hinder for taleoppfattelsen og egen talekontroll via hørselen. Mange tunghørte vil også, av forskjellige årsaker, fungere som døve.

Omgrep som vil bli nytta i meldinga:

Cochleaimplantat, CI, er eit avansert apparat som gir høve til hørselsinntrykk for både døvfødde, førspråklege døve og døvblitte barn, unge og vaksne. Apparatet har ein ytre og ein indre del. Den ytre delen består av mikrofon, taleomformar og sendar. Den indre delen har ein mottakar som overfører signala til elektrodane inne i cochlea (sniglehuset). Derfrå går signala via hørselsnerven til høresenteret i hjernen, der signala blir opplevde som lyd.

Heiltidslev: Elev som får opplæring ved skoleavdelinga i kompetansesenteret i minst 12 veker.

Deltidslev: Elev som får opplæring ved skolen inntil 12 veker. Dette tilbudet kan vere i bolkar på ei veke, eller eleven kan vere ved senteret i ein til to dagar i veka inntil han/ho når 12 veker. Dette blir også omtalt som deltidsopphald.

Korttidsopphald/kurstilbod: Tilbod til tunghørte elevar som anten får fagkurs i til dømes engelsk eller kurs som tek utgangspunkt i hørselssvekinga og har som formål å styrkje elevane i det å fungere som tunghørt.

Tvillingskolemodell: Ein kommunal grunnskole for hørselshemma elevar og ein skole for hørande elevar er integrerte. Elevane går om kvarandre, og dei kan ha felles undervisning i enkelte fag. Den hørselshemma eleven får lett høve til å prøve seg i klassar der undervisninga skjer ved talespråket. Etter kvart kan eleven finne det best eigna opplæringsmiljøet i dei ulike faga. Modellen gjer det også lett for lærarane frå dei to skolane å samarbeide.

Knutepunktskole: Ein fylkeskommunal vidaregåande skole som er tilrettelagd for teiknspråklege elevar. Dei døve elevane frå ulike kurs får undervisning i felles allmenne fag og teiknspråk i samla gruppe, og helst med ein teiknspråkkunnig lærar. Undervisninga i studieretningsfaga skjer i ordinære klassar, og da bruker ein tolk. Knutepunktskolane er opne for hørselshemma elevar frå heile landet. I samband med inntaket blir det arrangert eit koordinerande inntaksmøte for knute-

punktskolane og dei statlege vidaregåande skolane.

Norsk teiknspråk: Eit visuelt språk utvikla i døvemiljøet i Noreg. Det er forskjellig frå norsk skrift- og talespråk i oppbygginga. I samband med L97 vart det utvikla eigne læreplanar i norsk teiknspråk.

Teikn som støtte, TSS: eit kommunikasjonshjelpemiddel for å visualisere norsk tale.

Statped: Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet.

1.3 Samandrag og konklusjonar

Kap. 2 gir ein historikk om opplæringstilboda for hørselshemma og ein omtale av ansvaret som kommunane og fylkeskommunane har etter opplæringslova. Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet blir også presentert.

Kap. 3 gir ein omtale av Sunnanåutvalet sin gjennomgang av hørselssektoren og forslaga til endringar.

Kap. 4 omtalar utviklinga innan medisinsk teknologi med cochleaimplantat (CI), informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) og kompetansehevingstiltak i teiknspråk for foreldre og lærarar.

Kap. 5 orienterer om skoletilbod og andre tenestetilbod til hørselshemma elevar i dag.

Kap. 6 inneheld ei drøfting av framtidig organisering av opplæringstilboda til hørselshemma.

Kap. 7 inneheld forslag om flytting av Skådalen kompetansesenter til Huseby kompetansesenter.

Kap. 8 drøftar framtidige oppgåver utanom heiltidsopplæring for kompetansesentra for hørselshemma.

Kap. 9 drøftar oppgjersordninga for heiltidsopplæring ved sentra.

Kap. 10 omhandlar personellmessige, økonomiske og administrative konsekvensar.

Konklusjonar

Med bakgrunn i mellom anna forslaga frå Sunnanåutvalet blir det skissert ei vidare utvikling av Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet sine tilbod til hørselshemma.

- Grunnskoletilbodet ved Skådalen kompetansesenter blir overført til Vetland skole, som er tvillingskole med Oppsal skole. Dette føreset ei langsiktig og forpliktande avtale med Oslo kommune.
- Grunnskoleavdelingane ved dei andre kompe-

- tansesentra: Møller, Nedre Gausen og Vestlandet må samlokaliseras med kommunale grunnskolar for å kunne nytte moglegheitene som tvillingskolemodellen gir.
- Kongstein vidaregåande skole i Stavanger blir lagd ned.
 - Bjørkåsen vidaregåande skole i Bergen blir overført til Hordaland fylkeskommune, som integrerer tilbodet i ein fylkeskommunal skole som blir ein knutepunktskole. Dette føreset ei langsiktig og forpliktande avtale med Hordaland fylkeskommune.
 - Det blir forhandla med Vestfold fylkeskommune om å utvide knutepunktfunksjonen ved Sandefjord vidaregåande skole til også å gjelde tunghørte elevar.
 - Skådalen kompetansesenter held fram som eige senter, men senteret med tilboda til døvblinde blir flytta til ledige lokaler ved Huseby kompetansesenter.
- Alle kompetansesentra for hørselshemma må framleis auke innsatsen overfor tunghørte, og sidan talet på heiltidselevar minkar, må deltidstilboda utviklast og utvidast. Tenestetilbodet må nærmare brukarane. Ei løysing kan vere å overføre stillingar frå sentra til fylkesledda.
 - Når det gjeld korreksjonsordninga for heiltids opplæring og for butilbod, vil ein halde fram med den noveranda ordninga, men gradvis auke trekkssatsen.
 - Dei personellmesige konsekvensane av endringane kan vere at nokre av dei tilsette ved Skådalen og Vestlandet kompetansesenter blir overtalige. Ein vil da følgje retningslinjene som er gitt av AAD for å finne løysingar for dei overtalige.
 - Endringane skal gjennomførast innanfor budsjettramma til kap. 243 Kompetansesenter for spesialundervisning.

2 Kort historikk om opplæringstilboda for hørselshemma

Dei siste 15 åra har det skjedd ei stor omlegging av dei statlege spesialpedagogiske tilboda, frå statlege spesialskolar til eitt statleg spesialpedagogisk støttesystem, heretter også forkorta til *Statped*, som styret for Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet har vedteke at ein skal nytte.

2.1 Omstruktureringa av spesialundervisninga frå 1992: Frå statlege spesialskolar til statlege spesialpedagogiske kompetansesenter

Behandlinga av Innst. S. nr. 160 (1990–91) i Stortinget, jf. St.meld. nr. 54 (1989–90) og St.meld. nr. 35 (1990–91) (begge meldingane hadde same tittel) *Om opplæring av barn, unge og vaksne med særskilte behov* innebar ei omorganisering av fleire av dei statlege spesialskolane til 20 spesialpedagogiske kompetansesentra, 18 statlege og 2 private. Dei resterande spesialskolane vart anten nedlagde eller overførte til anna forvaltningsnivå.

For dei fleste institusjonane vart det ei omlegging frå skoledrift til toverretta verksemd. Berre ved dei seks kompetansesentra for hørselshemma og somme av tiltaka for døvblinde vart det halde oppe skoletilbod. Skådalen kompetansesenter hadde eit førskoletilbod, og i Bergen samarbeidde Vestlandet kompetansesenter med kommunen om eit førskoletilbod. Desse tilboda vart førte vidare.

Hovudmålet for kompetansesentra er å sikre at alle barn, unge og vaksne med særskilde behov får tilpassa og tilrettelagd opplæring i deira eigne oppvekstmiljø.

Kompetansesentra vart organiserte som 13 senter med landsdekkjande oppgåver og 7 senter med regionale oppgåver. Dei landsdekkjande senter skulle gi hjelp til elevar med syns-, hørsels-, åtferds-, språk- eller talevanskar, dei regionale senter hjelp til elevar med store samansette lærevanskar.

Det vart oppretta eit styre for dei landsdekkjande senter med sekretariat i Molde og eit styre for dei regionale senter med sekretariat på Hamar. I tillegg vart det oppretta eit eige utviklingsprogram

for dei tre nordlegaste fylka: Programmet for Nord-Noreg. Dette skulle leggje vekt på å utvikle lokale, spesialpedagogiske tyngdepunkt, og nettverksamarbeid. Dette arbeidet vart også leidd av eit eige styre.

I 1996 vart det under styret for dei landsdekkjande kompetansesentra oppretta eit særskilt styre, Sektorstyre hørsel, for dei 6 hørselssentra.

2.2 St.meld. nr. 23 (1997–98) og utvikling til eit statleg spesialpedagogisk støttesystem

Stortinget behandla våren 1998 Innst. S. nr. 228 (1997–98) jf. St.meld. nr. 23 *Om opplæring for barn, unge og vaksne med særskilte behov. Den spesialpedagogiske tiltakskjeda og det statlege støttesystemet*.

Frå 1. januar 1999 vart det etablert eit felles styre for alle dei spesialpedagogiske kompetansesentra.

For hørselssektoren vart det få endringar:

- Ressursnivået vart ikkje endra.
- Fylkesaudiopedagogtenesta vart ein del av Statped, knytt til dei statlege hørselssentra. Tidlegare var desse stillingane i hovudsak knytte til statens utdanningskontor i fylka.
- Skolane ved hørselssentra skulle halde fram som før.

Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen oppmoda om at det vart gjennomført ein ressursgjennomgang i hørselsomsorga.

2.3 Mål for opplæringa. Kommunalt og fylkeskommunalt ansvar, og oppgåvene til Statped

Opplæringens mål er å ruste barn, unge og vaksne til å møte livets oppgaver og mestre utfordringer sammen med andre. Den skal gi hver elev kyndighet til å ta hånd om seg selv og sitt liv, og samtidig overskudd og vilje til å stå andre bi.

(Læreplan for grunnskole, videregående opplæring og voksenopplæring, Generell del)

Det er eit overordna mål at skolen skal vere ein inkluderande skole som gir opplæring tilpassa dei behov den enkelte eleven har. Dette gjeld også dei hørselshemma elevane.

Etter opplæringslova er det kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for opplæringa av elevane i grunnskole og vidaregåande opplæring. Det er også kommunane sitt ansvar å gi barnehagetilbod.

Statped har som ei av sine oppgåver å gi opplæring til teiknspråklege elevar etter avtale med oppdragsgivar – kommune eller fylkeskommune. Ei like viktig oppgåve for Statped er å støtte kommunar og fylkeskommunar med råd og rettleiing når desse gir opplæring til hørselshemma elevar eller har hørselshemma barn i førskolealder.

2.4 Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped)

Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet består av 16 statleg åtte kompetansesentra, og 14 spesialpedagogiske einingar som Statped kjøper tenester frå. Dei einingane Statped kjøper tenester frå, er åtte av anten kommunar, fylkeskommunar, stiftelsar eller private organisasjonar. I alt omfatta Statped 1145 årsverk i 2002; 916 av årsverka er knytte til dei heilåtte statlege sentra.

Det overordna målet for Statped er å gi rettleiing og støtte til dei opplæringsansvarlege instansane i kommunane og fylkeskommunane, slik at barn, unge og vaksne med store og særskilde opplæringsbehov blir sikra eit forsvarleg opplærings- og utviklingstilbod. Tenestene vil vere på individ- eller systemnivå og skal i kvart enkelt tilfelle vere

eit avtalefesta samarbeid med oppdragsgivarane. Samla sett skal Statped kunne gi spesialpedagogisk støtte på område der ein ikkje kan vente at kommunane og fylkeskommunane har kompetanse.

Statped skal i samarbeid med høgskolar og universitet utvikle ny spesialpedagogisk kunnskap. Det er også ei oppgåve for Statped å spreie den spesialpedagogiske kunnskapen til kommunar og fylkeskommunar, gjennom både individ- og systemretta arbeid og kurs.

Dei faglege ansvarsområda er

- hørselsvanskar
- synsvanskar
- døvblinde
- språk-, tale-, lese- og skrivevanskar
- samansette lærevanskar
- sosiale og emosjonelle vanskar
- erverva hjerneskade
- djup og særleg alvorleg psykisk utviklingshemming
- framandspråklege elevar med spesielle opplæringsbehov
- tidleg stimulering av små barn med funksjonshemming
- leppe-, kjeve- og ganespalte
- informasjonsteknologi for funksjonshemma

Statped er leidd av eit eige styre og ein direktør som har det daglege ansvaret for verksemda. Styret har det samla overordna ansvaret. Under styret har Sektorstyre hørsel ansvaret for den faglege aktiviteten innan hørselssektoren. Under styret er det også eit rådgivande organ for Nord-Noreg ut 2003.

3 Sunnanåutvalet: Mandat, forslag og høringsfråsegner

For å følgje opp oppmodinga frå Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om ein gjennomgang av hørselsomsorga oppnemnde departementet 12.10.1999 ei arbeidsgruppe med utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå som leiar. I arbeidsgruppa var det mellom anna representantar frå interesseorganisasjonane for hørselshemma (Norges Døveforbund og Hørselshemmedes Landsforbund), kommunane, arbeidstakarorganisasjonane og universiteta.

3.1 Mandatet

Arbeidsgruppa skulle mellom anna greie ut

- den framtidige ansvars- og arbeidsdelinga mellom forvaltningsnivåa for elevar med heiltidsopplæring
- andre oppgåver for hørselssentra
- faglege, organisatoriske, administrative og økonomiske konsekvensar, og betalingsordninga

Rapporten vart overlevert i desember 2000. Det vart fremja fleire forslag til endringar.

3.2 Forslag frå utvalet

Utvalet fremma følgjande forslag som blir behandla i denne meldinga:

- Barnehagetilbodet ved Skådalen kompetansesenter (heretter Skådalen) bør overførast til Voldsløkka barnehage, Oslo kommune. Voldsløkka barnehage er kommunen sitt tilrettelagde tilbod til hørselshemma førskolebarn.
- Opplæringstilbodet ved Skådalen bør overførast til Vetland skole, Oslo kommune. Tilbodet er tilrettelagt for hørselshemma. Grunngevinga for å samle dei teiknspråklege elevane på Vetland er å sikre eit stort og rikt teiknspråkleg skolemiljø i Osloregionen. Samtidig vil alle ele-

vane få nytte av tvillingskolemodellen ved Vetland og Oppsal skolar. Ein føresetnad for ei slik endring er at hørselshemma barn og elevar frå andre kommunar rundt Oslo kan få plass ved Vetland skole. Det vart foreslått at elevar frå Austlandet som treng eit butilbod i tillegg til skoletilbodet, må få plass på skolen ved Nedre Gausen kompetansesenter (heretter Nedre Gausen). Vetland skole må også kunne gi tilbod om deltidsopplæring for teiknspråklege elevar som får opplæring i heimeskolen.

- Bjørkåsen vidaregåande skole bør overførast til Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen driv dette tilbodet vidare som knutepunkt-skole.
- Kongstein vidaregåande skole bør overførast til Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunen driv dette tilbodet vidare som knutepunkt-skole.
- Det vidaregåande opplæringstilbodet som Andebu kompetanse- og skolesenter, AKS, gir til hørselshemma elevar med store funksjonsvanskar, held fram ved senteret. Dette tilbodet er for ei lita, men ressurskrevjande gruppe.
- Skoletilbodet ved Briskeby HLFs skole og kompetansesenter (heretter Briskeby), bør overførast til Buskerud fylkeskommune, der det blir oppretta som knutepunkt-skole for tung-hørte.
- Staten held kontakt med Bodin vidaregåande skole i Bodø for å utvikle det tilbodet skolen har til hørselshemma elevar.
- Staten bør gi bu- og miljøtilbod til elevar ved knutepunkt-skolane.
- Audiopedagogtenesta i fylka bør styrkjast.
- Tenestetilbodet i Nord-Noreg bør organiserast i samsvar med forslag frå brukarar og fagmiljø i landsdelen.
- Betalingsordninga for opplæringstilboda bør halde fram som den noverande korreksjonsordninga, men med oppjustering av korreksjonssatsen.

4 Utviklinga innan medisinsk teknologi og kompetansehevingstiltak for lærarar og foreldre

4.1 Utviklinga i medisinsk teknologi og omfanget av cochleaimplantat

Utviklinga og bruken av cochleaimplantat, CI, har ført til heilt nye moglegheiter for sterkt tunghørte og døve. Lyden som implantatet gir, blir betre og betre, og døve barn som får operert inn CI, vil i hovudtrekk kunne fungere som tunghørte. CI vart først operert inn på vaksne døvblitte, deretter fekk barn og unge tilbodet. Ved utgangen av 2002 har 152 barn og unge fått operert inn CI. Barna som får CI, blir yngre og yngre. No får barn under to år tilbod om CI, og i 2002 vart tre barn opererte før dei var to år.

I sjukehusa har ein utstyr som gjer det mogleg kort tid etter fødselen å kartleggje om det nyfødde barnet er hørselshemma. Da kan ein tidleg setje i gang tiltak i forhold til hørselssvekinga.

Vaksne kan få operasjon ved Haukeland sjukehus i Bergen eller ved Rikshospitalet i Oslo. Det er berre Rikshospitalet som opererer barn og unge.

4.2 Utviklinga innan kommunikasjonsteknologi med særleg verknad for hørselshemma

Inntil for kort tid sidan hadde den døve berre teksttelefonen å hjelpe seg med når han eller ho skulle ha kontakt med døve andre stader i landet.

Den teknologiske utviklinga innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi, IKT, er svært positiv for dei døve. Bilettelefonen, videokonferanseutstyr og utviklinga innan datateknologien gjer det mogleg for dei døve å kommunisere med kvarandre ved hjelp av teiknspråk. Videokonferanseut-

Tabell 4.1 Talet på barn opp til 16 år som har fått CI¹

Alder ved operasjon	Operasjonsår														
	-88	-89	-90	-91	-92	-93	-94	-95	-96	-97	-98	-99	2000	2001	2002
1														1	3
2					1			2	5	5	10	10	10	10	11
3							1	2	2	1	3	4	5	7	4
4			1	1			1			1	2	2	4	4	2
5				1			1				1	1		3	1
6	1										1	1	1	2	
7	1	1						2				1	3		1
8													2	2	
9				1				1						2	3
10												1	1		1
11								1							2
12												1			1
13															1
14															
15	1											1			1
16															1
Sum	3	1	1	3	1	0	3	2	8	7	12	22	26	31	32

¹ Tabellen viser talet på barn og unge som har fått operert inn CI, og alderen da operasjonen vart utført. Det er berre Rikshospitalet som utfører slike operasjonar. Den første operasjonen skjedde i 1988.

styr med store skjermar opnar for det «virtuelle klasserommet». Døve elevar ulike stader i fylket eller landet kan vere kopla saman og få undervisning i eitt eller fleire av skolefaga av ein teiknspråkkunnig lærar. Denne utviklinga er medverkande til at døve elevar kan bu heime og vere elevar ved heimeskolane.

Billetelefonen gjer det også mogleg å fjerntolke. Tolknen treng ikkje vere i det rommet der samtalen går føre seg. Tolkane får dermed frigjort mykje reisetid.

Også mobiltelefonen er eit godt hjelpemiddel for dei døve. Å halde kontakt med venner og kjende ved hjelp av SMS-meldingar har dei døve som dei hørande nytte og glede av.

4.3 Kompetansehevingstiltak for lærarar og foreldre

4.3.1 Kompetanseheving i teiknspråk for lærarar

I samband med at dei døve grunnskoleelevane fekk rett til opplæring i og på teiknspråk, vart det lagt til grunn at dei som underviser døve elevar, skal ha utdanning i teiknspråk tilsvarende 30 studiepoeng. Departementet sette i gang eit omfattande vidareutdanningstilbud til lærarar som underviste eller skulle undervise døve elevar i grunnskolen. Programmet gjekk over to år, og om lag 250 lærarar ved senterkolane og frå kommunar med døve elevar gjennomførte eit kurs i teiknspråk tilsvarende 30 studiepoeng. Det var Universitetet i Oslo og Høgskolen i Sør-Trøndelag som arrangerte kursa.

Seinare fekk Statped i oppdrag å gi eit tilsvarende tilbud for lærarar i vidaregåande opplæring. Høgskolen i Sør-Trøndelag, i samarbeid med Vestlandet kompetansesenter (heretter Vestlandet) og med hjelp av dei andre hørselssentra, stod for opplegg og gjennomføring av den desentraliserte vidareutdanninga. Det deltok lærarar frå dei statlege vidaregåande skolane og knutepunktskolane, i alt

fekk 102 lærarar denne opplæringa. I tillegg nytta 44 andre tilsette ved sentra seg av dette tilbudet.

Ved Høgskolen i Sør-Trøndelag, Universitetet i Bergen og Institutt for spesialundervisning ved Universitetet i Oslo kan ein få utdanning i teiknspråk for pedagogar og for dei som vil bli teiknspråktolkar.

Frå og med 1996 kan tilskottet frå Barne- og familiedepartementet til barnehagar med funksjonshemma barn også nyttast til kortvarige kurs i teiknspråk for personalet i barnehagar som har døve og sterkt tunghørte barn.

4.3.2 Teiknspråkopplæring for foreldre

Frå hausten 1996 fekk foreldre til døve og sterkt tunghørte barn og elevar tilbud om 40 vekers opplæring i teiknspråk. Opplæringa varer frå barnet er fødd til det er 16 år. Det er dei statlege kompetansesentra for hørselshemma og Ål folkehøgskole og kurssenter for døve som står for den praktiske gjennomføringa av kursa. Sysken kan ta del i opplæringa ved Ål folkehøgskole. Det blir også arrangert nettverkskurs.

Hos Fylkesmannen i Aust-Agder er det tilsett ein koordinator for å leie opplæringa. Det er også blitt utvikla læremiddel til denne opplæringa, og mykje er på CD-plater.

4.4 Konklusjon

Den rivande utviklinga innan medisin og IKT og den breie satsinga på opplæring i teiknspråk for både foreldre og lærarar fører til at ein større og større del av dei hørselshemma elevane får opplæringa i heimkommunen.

Utfordringa for Statped blir å leggje til rette for at meir av tenestetilbodet blir gitt lokalt, same kvar i landet eleven bur, men samtidig å finne ein balanse mellom det lokale fagmiljøet og fagmiljøa ved hørselssentra, til beste for elevane.

Samarbeidet med dei lokale helsetenestene må også varetakast der det er behov for det.

5 Skoletilbud og andre tenestetilbud for hørselshemma elevar i dag

5.1 Rettar etter opplæringslova

I samband med revideringa av forskrifta for grunnskolen 17. november 1994 vart det teke inn ein ny paragraf, § 2–4 *Rett og plikt til opplæring av hørselshemma*. Endringa skulle gjelde frå 1. juli 1997, da den nye læreplanen for grunnskolen, L97, vart teken i bruk. L97 fekk læreplanar for døve elevar i seks fag: teiknspråk som førstespråk, teiknspråk fordjuping, norsk for døve, engelsk for døve, engelsk fordjuping og drama og rytmikk for døve.

Etter forskrifta skulle elevane i grunnskolen få opplæring i teiknspråk og norsk i til saman 4066 timar i løpet av grunnskolen. Det vil seie 2033 timar utover det ordinære timetalet.

Med opplæringslova fekk elevane både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring lovfesta rett til opplæring i og på teiknspråk: § 2–6 for grunnskolen og § 3–9 for vidaregåande opplæring. § 3–9 gir eleven høve til å velje opplæring i eit teiknspråkleg miljø eller opplæring med bruk av tolk i ein vanleg vidaregåande skole. (Om lag 80 teiknspråklege elevar har valt opplæring i vanlege vidaregåande skolar.)

Døve og sterkt tunghørte barn under opplæringspliktig alder har etter § 5–7 i opplæringslova rett til spesialpedagogisk hjelp. Kommunen kan i slike tilfelle be om råd og rettleiing frå eit kompetansesenter.

5.2 Organisering

5.2.1 Barnehagetilbud

Det er ei kommunal oppgåve å leggje til rette barnehagetilbud for hørselshemma barn, og fleire kommunar har barnehagar eller avdelingar for hørselshemma.

I Bergen samarbeider Vestlandet kompetansesenter med ein kommunal barnehage for hørselshemma. Barnehagen er lokalisert i bygget til grunnskolen ved senteret, Hunstad skole. Møller kompetansesenter (heretter Møller) driv på oppdrag av Trondheim kommune ein barnehage i lo-

kala ved senteret. Nedre Gausen samarbeider nært med den kommunale Aulerød førskole for hørselshemma. Også Skådalen har ein barnehage der nabokommunane kjøper plass til hørselshemma barn. Betalinga for plass i hørselssenteret sin barnehage skjer direkte til senteret.

Oslo kommune har ein eigen barnehage for hørselshemma, Voldsløkka barnehage. I 2003 har denne barnehagen 15 hørselshemma barn og 12 hørande barn. Det blir arbeida bevisst med å få til samhandling mellom dei hørselshemma og dei hørande barna.

5.2.2 Tilbud på grunnskolenivå

I Oslo er det både ein kommunal og ein statleg grunnskole for hørselshemma elevar. Den kommunale skolen, Vetland skole, som har eksistert sidan 1916, har om lag 70 elevar og er den største skolen for hørselshemma i Noreg. Skolen er lokalisert saman med Oppsal skole (tvillingskole). Somme av elevane ved Vetland skole kjem frå kommunar i Akershus.

Den statlege skolen i Oslo er ved Skådalen og har om lag 40 elevar. Elevar frå kommunar i fylka Østfold, Oslo, Akershus, Hedmark og Oppland kan søkje plass ved skolen. Skolen har butilbod for elevar som har lang reise. Hausten 2002 var det 6 elevar frå Østfold og 3 elevar frå Hedmark som nytta butilbodet. I tillegg er det ei eiga skoleavdeling for døvblinde, og hausten 2002 var det 6 elevar og 2 av dei nytta butilbodet.

Stavanger kommune har tilrettelagde tilbud til døve elevar ved Auglend skole. Dette tilbudet kan også nabokommunane nytte. Skoleåret 2002–2003 er det 37 heiltidselevar og 9 deltidselevar ved skolen.

I tillegg er det tilrettelagde tilbud i mellom anna Fredrikstad og Porsgrunn. I Vestfold er det ei interkommunal hørselsavdeling ved Sem skole. I Tromsø går dei hørselshemma elevane nokre dagar i veka i heimeskolen, og resten av veka samlast dei på ein skole der dei får opplæring i eigne grupper.

Følgjande kompetansesentra for hørselshem-

ma har også grunnskoletilbod: Nedre Gausen kompetansesenter i Holmestrand, AKS i Andebu, Vestlandet kompetansesenter ved Hunstad skole i Bergen og Møller kompetansesenter ved A.C. Møller skole i Trondheim. Sentra gir tilbod om skolefritidsordning.

Skolane har bu- og miljøtilbod for elevar som ikkje kan reise til og frå skolen dagleg. Det er i hovudsak elevar på ungdomstrinnet som nyttar bu-tilbodet.

Sektorstyre hørsel har i samråd med departementet opna for at frå skoleåret 2002–2003 kan hørselshemma elevar med CI få opplæring med bruk av stemme og teikn som støtte, TSS.

Skolane gir også tilbod til deltidselevar. Dei fleste av deltidselevane er som regel den einaste døve eleven på heimeskolen, og opphaldet på senter skolen styrkjer opplæringa i og utviklinga av teiknspråket. Samværet med andre døve elevar er positivt for identitetsutviklinga til den enkelte.

Talet på heiltidselevar har gått ned dei siste åra, medan talet på deltidselevar har stige. Dette er

ei utvikling ein reknar med vil halde fram, sett i lys av utviklinga innan medisinsk teknologi. Tabell 5.1 viser utviklinga av talet på elevar.

Tabellen omfattar ikkje elevar ved skolen for døvblinde ved Skådalen.

Tabellen viser at talet på heiltidselevar har gått ned frå 186 skoleåret 1997–98 til 141 skoleåret 2002–2003. Talet på deltidselevar har stige frå 113 i 1997–98 til 175 skoleåret 2002–2003.

5.2.3 Tilbod i vidaregåande opplæring

Den eldste av dei fylkeskommunale skolane som er tilrettelagd for hørselshemma elevar, er Sandaker vidaregåande skole i Oslo. Skolen har ei eiga avdeling for dei teiknspråklege elevane, og dei fleste lærarane underviser på teiknspråk. Studieretningane ved skolen er allmenne, økonomiske og administrative fag, helse- og sosialfag og formgiving. Skolen har organisert grunnkursklassar og somme av dei vidaregåande kursa som eigne klassar for dei teiknspråklege elevane. Elles er elevane inte-

Tabell 5.1 Elevstatistikk, grunnskolane ved hørselssentra¹

Skole	94–95	95–96	96–97	97–98	98–99	99–00	00–01	01–02	02–03
A.C. Møller									
Heiltidsskole	45	48	52	47	47	45	41	41	42
Deltidsskole				62	62	63	84	84	87
Internat		23	25	19	15	13	8	7	9
Hunstad									
Heiltidsskole	53	56	50	52	53	53	46	41	31
Deltidsskole	16	22	22	24	23	21	25	23	26
Internat	13	13	11	16	17	17	10	6	5
Skådalen									
Heiltidsskole	44	53	50	58	52	47	49	50	44
Deltidsskole	20	19	27	11	10	24	10	13	18
Internat	19	23	14	12	14	15	10	11	9
Nedre Gausen									
Heiltidsskole	28	24	25	21	17	16	18	18	18
Deltidsskole	23	8	10	16	23	20	27	24	25
Internat	8	5	4	3	3,5	3	3	3	3
AKS									
Heiltidsskole	5	4	7	8	9	10	10	10	6
Deltidsskole							16	18	19
Internat									2
Sum heiltidsskole	175	185	184	186	178	171	164	160	141
Sum deltidsskole	59	49	59	113	118	128	162	162	175
Sum internat	40	64	54	50	46	48	31	27	28

¹ Tabellen viser kor mange elevar i 1.–10. klasse den enkelte skolen har.

grerte i vanlege klassar og bruker tolk. Talet på døve elevar ved skolen har dei siste åra vore om lag 30, skoleåret 2002–03 hadde skolen 27 hørselshemma elevar. Oslo kommune har også døve elevar som vel andre studieretningar ved andre skolar.

Etter 1996 har det komme to andre fylkeskommunale skolar med tilrettelagde tilbod for døve og sterkt tunghørte elevar. Til desse skolane kan hørselshemma elevar frå heile landet søkje. Dette er Sandefjord vidaregåande skole i Vestfold, og Heimdal vidaregåande skole i Sør-Trøndelag. Skolane har eit breitt tilbod: Sandefjord har 10 studieretningar, Heimdal 7. Talet på hørselshemma elevar var skoleåret 2002–03 for Sandefjord 24 døve og tunghørte. Heimdal hadde 19 døve elevar.

Desse tre vidaregåande skolane blir kalla knutepunktskolar.

Statlege tilbod om vidaregåande opplæring har ein ved Vestlandet kompetansesenter, ved AKS, og ved Briskeby skole og kompetansesenter.

Vestlandet kompetansesenter har to vidaregåande skolar: Bjørkåsen i Bergen og Kongstein i Stavanger.

Frå skoleåret 2000–2001 har det ikkje vore undervisning ved Kongstein vidaregåande skole. Bjørkåsen vidaregåande skole, som har vore den største av dei to skolane, gir opplæringstilbod i grunnkurser innan studieretningane allmenne, økonomiske og administrative fag, idrettsfag, helse- og sosialfag, mekaniske fag, hotell- og næringsmiddelfag og trearbeidsfag. Skolen tilbyr også VKI og VKII i allmenne, økonomiske og administrative fag, og VKI i somme av dei andre studieretningane. Ein føresetnad for at opplæringa i dei enkelte kursa kan bli sett i gang, har vore at det er nok søkjarar. Styret har vedteke at det skal vere minst 4 søkjarar for at kurset kan setjast i gang. For å ta vare på lærarkompetansen har skolen likevel fått dispensasjon til å drive kurs med berre 3 elevar. For å få større elevgrupper i enkelte fag samlar skolen elevane frå fleire kurs til felles undervisning i faga.

AKS gir tilrettelagd vidaregåande opplæring til døvblinde elevar og døve elevar med store funksjonsvanskar. Dette er ei krevjande elevgruppe som ein ikkje kan forvente at andre skolemiljø kan gi tilfredsstillande opplæringstilbod.

Det er tunghørte elevar som ikkje nyttar teikn som er målgruppa for Briskeby. Skolen er tilrettelagd med godt teknisk utstyr. Skolen baserer seg på talespråkleg opplæring og tilbyr også opplæring i munnavlesing, som er til stor hjelp for den tunghørte. Skolen samarbeider med nærliggjande fylkeskommunale skolar, slik at elevane får opplæring i felles allmenne fag ved Briskeby og i dei

fleste studieretningsfaga ved dei fylkeskommunale skolane.

Det er berre AKS som har deltidstilbod til elevar i vidaregåande opplæring. Det har berre vore ein elev som nytta dette tilbodet.

Skoletilbodet til døvblinde elevar er ikkje med i tabellen. Dei siste to åra har to døvblinde elevar fått vidaregåande opplæring ved Skådalen.

Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet gir kvart år ut ein katalog med oversikt over dei opplæringstilboda som er tilrettelagde for hørselshemma, og som elevar frå heile landet kan søkje. I samband med inntaket samlast representantar frå dei fylkeskommunane som har knutepunktskolar og Statped til eit koordinerande inntaksmøte, der ein orienterer kvarandre om søkinga. Dersom ein av skolane ikkje kan gi tilbod til alle søkjarane, kan ein i fellesskap finne eit høveleg alternativ som ein kan tilby søkjaren. Til no har dette ikkje vore aktuelt.

Nordland fylkeskommune la frå skoleåret 2001–02 til rette for at Bodin vidaregåande skole i Bodø skal vere ein kompetanseskole for hørselshemma elevar. Skolen skal i tillegg til å vere tilrettelagd for å ha kompetanse for tunghørte, ha ansvar for å gi rettleiing til andre vidaregåande skolar som har hørselshemma elevar. Dette skjer i samarbeid med Spesialpedagogisk senter i Nordland, som er ein del av Statped.

I Rogaland byggjer fylkeskommunen opp kompetansen for undervisning av hørselshemma på Hetland vidaregåande skole. Denne skolen, som har allmennfagleg studieretning, har dei siste åra hatt ein del hørselshemma elevar. Elevar som ønskjer andre studieretningar, vil få tilbod ved andre skolar i fylket. Hetland vidaregåande skole skal fungere som rettleiar for andre vidaregåande skolar i fylket.

5.3 Tilbodet til hørselshemma frå det samiske miljøet

I Nordnorsk spesialpedagogisk nettverk er det ein samisktalande audiopedagog i 50 % stilling som skal ivareta behova til hørselshemma frå det samiske miljøet i Nord-Noreg. Det er også ei eiga eining i det Nordnorske nettverket som skal gi spesialpedagogisk støtte til samisktalande barn og unge.

Tilbodet frå Statped til dei tunghørte er som for norsktalende tunghørte. Barna, elevane og personalet får rettleiing frå nettverket, og dei får tilbod om kurs.

I alt er det årleg om lag 3–5 samiske elevar i

Tabell 5.2 Elevstatistikk, vidaregåande elevar ved hørselssentra

Senter	94–95	95–96	96–97	97–98	98–99	99–00	00–01	01–02	02–03
Møller									
Heiltidsskole	0	5	4	0	0	0	0	0	0
Internat *				2	5	4	3	4	5
Vestlandet									
Kongstein	15	12	27	29	25	15	13	0	0
Bjørkåsen	39	49	57	62	52	39	41	39	41
Heiltidsskole	54	61	84	91	77	54	54	39	41
Internat	32	24	40	43	38	27	28	18	13
Briskeby									
Heiltidsskole	43	42	36	24	26	31	31	12	27
Internat									
AKS									
Heiltidsskole	5	4	7	10	10	13	10	10	12
Internat									7
Sum heiltidsskole	102	112	131	125	113	98	95	61	80
Sum internat	32	24	45	45	43	31	31	22	25

* Internattilbodet ved Møller er til elevar som får opplæring ved Heimdal vidaregåande skole.

grunnskolealder som nyttar teiknspråk. Teiknspråklege elevar som ønskjer opplæring i eit større teiknspråkleg miljø får tilbod om skoleplass ved A C Møller skole i Trondheim. Bur eleven på Austlandet, kan han eller ho få opplæring ved Vetland skole eller Skådalen skole.

Desse elevane lærer norsk teiknspråk. I samarbeid med Sametinget blir det utvikla enkelte spesialteikn som det er behov for i det samiske miljøet.

5.4 Tilbodet til døve og sterkt tunghørte elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn

Ein veksande del av elevane ved skolane for hørselshemma er elevar som har framandspråkleg bakgrunn. Ved Vetland skole i Oslo er 27 av i alt 74 hørselshemma elevar framandspråklege.

Desse elevane får opplæring i norsk teiknspråk på lik linje med dei andre elevane. Dei får også opplæring i norsk.

Foreldra får også tilbod om opplæring i teiknspråk.

5.5 Samarbeid med hjelpemiddelsentralane

Rikstrygdeverket og Statped har hausten 2003 inngått ein *Rammeavtale for samarbeid mellom fylkesstrygdekontora v/hjelpemiddelsentralane og einingar i Statleg spesialpedagogisk støttesystem.*

Avtalen legg opp til at Statped, sentra og fylkesledda, kan ha eit utval av hjelpemiddel som det kan vere aktuelt for brukaren å få tilpassa når vedkommande får rettleiing. Enkelte hjelpemiddelsentralar har hatt eit slikt samarbeid ei tid. Rammeavtalen skal sikre at dette blir tilfelle i alle fylka.

Hjelpemiddelsentralen utfører mellom anna målingar av akustikken i barnehagar og skolar som har hørselshemma elevar, og gir råd om korleis ein kan betre han. Hjelpemiddelsentralen installerer også teleslynge der det er behov for slikt utstyr.

6 Departementet si vurdering av det samla framtidige opplæringstilbodet og butilbodet for heiltidselevar

6.1 Framtidig organisering av førskoletilbodet i Oslo-regionen

Omsynet til dei barna som nyttar teiknspråk, taler for at ein bør samle barnehagetilbodet på ein stad. Dette vil gi eit breitt og godt språkleg og sosialt miljø for barna. Barnehagetilbodet er eit kommunalt ansvar, og det kunne vore naturleg å samle tilbodet ved ein kommunal barnehage.

Voldsløkka barnehage, som er ått av Oslo kommune, ville vore den naturlege barnehagen å samle tilbodet ved.

I dag har ikkje Voldsløkka barnehage kapasitet til å inkludere barna ved Skådalen og til å gi eit godt tilbod.

Dette inneber at førskolen blir verande ved Skådalen kompetansesenter. Senteret bør likevel på lengre sikt arbeide for å få i stand samarbeid med Oslo kommune, slik at ein oppnå eit samspel mellom hørselshemma og hørande førskolebarn.

6.2 Framtidig organisering av grunnskoletilbodet i Oslo-regionen

Det minkande elevtalet ved skolane for hørselshemma gjer det vanskeleg å få til eit stimulerande teiknspråkmiljø og læringsmiljø. Eit felles skoletilbod i Oslo vil betre tilhøva. Oslo har lang tradisjon med å gi gode opplæringstilbod til hørselshemma grunnskoletilbod ved Vetland skole. Ei kommunal løysing gir også elevane frå Skådalen utbytte av dei fordelane som tvillingskolemodellen gir. Å flytte elevane ved Vetland til Skådalen, eller at Skådalen skole blir ein statleg skole lokalisert på tomte til Vetland, vil ikkje gi den same gevinsten.

Departementet meiner at staten bør innleie forhandlingar om ein langsiktig avtale med Oslo kommune om overføring av skoletilbodet ved Skådalen til Vetland skole.

Elevar frå Skådalen som blir overførte til Vetland skole, og som treng eit tilrettelagt butilbod, må framleis få det ved Skådalen kompetansesenter.

Dermed sikrar ein at deltidselevar som bur på Skådalen, får vere i eit teiknspråkmiljø på kveldstid.

Skolen for døvblinde elevar ved Skådalen kompetansesenter blir ikkje flytta til Vetland skole, men blir verande som ein del av Skådalen. Denne skolen er også i dag ein eigen skole.

Skoleåret 2002–2003 og prognosen for skoleåret 2003–2004 viser eit elevtal på om lag 40 elevar ved Skådalen skole. Dette elevtalet, saman med ein prognose for talet på deltidselevar, vil vere eit utgangspunkt for dimensjonering av rombehova ved Vetland skole.

Det er ein føresetnad at staten får ein langsiktig forpliktande avtale med Oslo kommune, som sikrar at elevar frå andre kommunar i Skådalen sin region kan få plass ved skolen. Heimkommunane til elevane skal betale direkte til Oslo kommune for opplæringstilbodet.

Avtalen må også omfatte eit skolefritidstilbod.

Vetland skole må også ha plass til deltidselevar som kjem frå regionen til Skådalen.

6.3 Grunnskoletilbod ved dei tre andre statlege kompetansesentra

Organiseringa av opplæringstilboda ved hørselshemma sentra må utviklast slik at elevane ved senterkolane kan halde oppe kontakten med heimeskolen. Det må leggjast til rette for at elevar som ønskjer det, i delar av veka kan få opplæring ved heimeskolen og resten av veka vere elevar ved senterkolane.

Kvar av skolane ved kompetansesentra må lokalisert saman med ein kommunal grunnskole for å kunne utnytte dei moglegheitene samlokaliseringa og tvillingskolemodellen gir.

Dette gjeld skolane ved Møller, Nedre Gausen og Vestlandet kompetansesenter. Statped bør vurdere å få i stand samarbeid mellom Nedre Gausen og den interkommunale hørselsavdelinga på Sem skole, som i 2002–2003 hadde 15 hørselshemma elevar. Departementet ser positivt på dei initiativa Statped har teke med sikte på å flytte Hunstad skole til ein kommunal grunnskole i nærleiken av

Eikelund. Der er leiinga og utoverretta avdeling ved Vestlandet lokalisert.

Statped vil jamleg måtte vurdere organiseringa av skoletilbodet for døve basert på utviklinga i elevgrunnet.

6.4 Vidaregåande opplæringstilbud for hørselshemma

6.4.1 Evalueringa av opplæringstilboda ved knutepunktskolane

Det var frå fleire hald oppmoda om å få ei evaluering av opplæringa ved knutepunktskolane. Departementet gav Læringsssenteret i oppdrag å få gjort ei slik evaluering, og Høgskolen i Sør-Trøndelag gjennomførte undersøkinga. Frå samandraget i rapporten kan siterast:

Helhetsinntrykket er at virksomheten ved knutepunktskolane går i riktig retning. Både tung-hørte og døve elever synes det er positivt å gå i det ordinære tilbudet, og de fleste er svært fornøyde med det tilbudet de har. Døve elever sier det er viktig at flere tegnspråklige elever går på skolen, slik de kan tilhøre et tegnspråklig miljø. Det ser ut som knutepunktskolane har klart å etablere et slikt miljø, og at det bidrar til sosial trivsel. Elevene opplever også noen utfordringer. Blant annet kommer det frem at manglende tilrettelegging og en kommunikasjon basert på hørendes premisser, fører til at de får problem med å delta. Det nevnes også at enkelte skoler har stor tolkemangel, noe som fører til at de ikke har tolk i alle timene. Det fortelles også at de tror at enkelte lærere føler seg usikre på hvordan de skal forholde seg til dem. Derfor mener elevene det er viktig at lærerne får informasjon om det å undervise hørselshemmede elever. Lærerne er i stor grad enige med elevene.

Lærerne sier at de ønsker mer kompetanse og veiledning på det pedagogiske arbeidet. Fleire sier at de er usikre på hvordan de bør tilrettelegge opplæringen. De savner kontakt med andre lærere som har døve elever og tettere samarbeid med kompetansesentrene. De savner også pedagogiske verktøy og læremateriell, og på noen skoler mangler de teknisk utstyr. Ledelsen sier at det brukes mye ressurser i forhold til planlegging av timeplaner og individuell opplæring. De merker også et økende behov for individuelle opplæringsplaner. En sentral posisjon i virksomheten er derfor rådgiveren. For å støtte lærerens arbeidssituasjon, ser det også ut som det er hensiktsmessig å organisere virksomheten med en egen avdelingsleder. Opplæring av døve og tegnspråklige

elever i den ordinære virksomheten, forutsetter noen organisatoriske endringer på skolens praksis. En målrettet skoleutvikling, bør også være et fremtidig satsingsområde i knutepunktskolene.

Departementet vurderer det slik at undersøkinga i hovudsak viser at knutepunktskolane er eit positivt tiltak for dei døve elevane, og at dette må vere grunnlaget for den vidare utviklinga av opplæringstilbodet til døve elevar. Det er framleis ein del utfordringar, mellom anna er det fleire område der Statped med sin kompetanse kan bidra til at undervisninga ved knutepunktskolane blir betre.

6.4.2 Vurderingar og initiativ frå departementet

6.4.2.1 Kongstein vidaregåande skole

Søkinga til skolen i Stavanger har minka. Til skoleåra 2001–2002 og 2002–2003 var det berre éin reell søkjar. Derfor vedtok Sektorstyre hørsel å innstille skoledrifta ved Kongstein vidaregåande skole. Sektorstyret vurderte det slik at skolen vart oppretta etter behandling av stortingsmeldingane nr. 54 (1989–90) og nr. 35 (1990–91), og at sektorstyret derfor ikkje kunne leggje ned skolen.

Departementet vurderer det slik at med opprettinga av og erfaringane med dei nye knutepunktskolane har hørselshemma ungdommar funne tilfredsstillande opplæringstilbud nærmare heimstaden framfor å reise til Stavanger. Når det gjeld vidaregåande opplæringstilbud for dei kommande hørselshemma elevane i Rogaland, har fylkeskommunen i samarbeid med Vestlandet kompetansesenter sett i gang arbeid med å utvikle tilbod i Stavanger.

Departementet vil gå inn for at Kongstein vidaregåande skole blir lagd ned.

6.4.2.2 Bjørkåsen vidaregåande skole

Departementet har hatt kontakt med Hordaland fylkeskommune for å få ei vurdering av om fylkeskommunen er interessert i å overta dei opplæringstilboda som i dag er ved Bjørkåsen, og å etablere ein knutepunktskole. Responsen er positiv.

Departementet vil gå inn for at opplæringstilbodet ved Bjørkåsen vidaregåande skole blir overført til Hordaland fylkeskommune. Ved ei slik overføring vil lærarar frå Bjørkåsen vidaregåande skole følgje med, og den framtidige knutepunktskolen vil vere sikra ein stab av teiknspråkkunnige lærarar.

Knutepunktskolen må også vere tilrettelagd for

og få kompetanse på undervisning av tunghørte elevar. Dermed kan skolen vere ein del av eit sikkerheitsnett, slik Briskeby er, for tunghørte elevar som ikkje maktar å fullføre opplæringa ved andre vidaregåande skolar.

Fylkeskommunen ønskjer ikkje å ta ansvaret for butilbod for tilreisande elevar. For elevar ved Sandefjord vidaregåande skole har stiftelsen Signo (Tidlegare Hjemmet for Døve) etablert og driv eit bu- og miljøtilbod. Dette tilbodet viser seg å vere ei god løysing. Signo har lang erfaring og driv mange tilbod til døve og døvblinde, mellom anna stiftelsen AKS.

Departementet vurderer det slik at når sentra ikkje skal gi eit vidaregåande opplæringstilbod, bør dei ikkje drive noko butilbod for elevar i vidaregåande opplæring. Da Sunnanåutvalet fremja sine forslag, var Signo sitt tilbod i den noverande forma enno ikkje utvikla og vart derfor ikkje vurdert.

Ein konsekvens av denne vurderinga er at det butilbodet Møller kompetansesenter gir til elevar ved Heimdal vidaregåande skole, bør overførast til eit bu- og miljøtilbod som er drive av Signo.

Det er ein føresetnad at staten får langsiktige og forpliktande avtalar med Hordaland fylkeskommune som sikrar eit breitt og fagleg godt opplæringstilbod som elevar frå heile landet kan søkje. Skulle ein ikkje få til ein tilfredsstillande avtale, må opplæringa halde fram ved Vestlandet kompetansesenter.

6.4.2.3 *Skoletilbod for tunghørte ved Sandefjord vidaregåande skole.*

Forslaget frå Sunnanåutvalet var å overføre skolen ved Briskeby til Buskerud fylkeskommune, slik at Buskerud kunne opprette ein knutepunktskole for tunghørte elevar. Tilbakemeldinga frå fylkeskommunen i samband med høringa av rapporten frå Sunnanåutvalet var at fylkeskommunen ønskte å overta heile Briskeby kompetansesenter, ikkje berre skoleavdelinga.

Etter departementet si vurdering var det ønskeleg at kompetansesenterdelen ved Briskeby heldt fram som ein del av Statped. Departementet valde da å undersøkje om Sandefjord vidaregåande skole kunne utvide knutepunktfunksjonen ved skolen til også å gjelde tunghørte elevar. Både skolen og fylkeskommunen er positive til ei slik utviding.

Ei slik overføring av opplæringstilbodet føreset at staten får i stand ein langsiktig avtale med Vestfold fylkeskommune.

Det blir lagt opp til at Statped vil halde fram med å kjøpe tenester til vidaregåande opplæring ved Briskeby enno ei tid. Når opplæringstilboda til tunghørte elevar ved knutepunktskolane fungerer tilfredsstillande, vil staten på nytt vurdere Sunnanåutvalet sitt forslag om at staten ikkje skal gi vidaregåande opplæring ved kompetansesentra.

7 Flytting av Skådalen kompetansesenter til Huseby

Huseby kompetansesenter for synshemma vart for nokre år sidan ombygd og renovert. Senteret fekk meir funksjonelle lokale til aktivitetane. Det førte til at det vart ledige lokale, som styret har valt å halde på for å gjere det mogleg å samlokalisere Huseby og Skådalen kompetansesenter. I ventetida har bygningane delvis vore utleigde.

Huseby ligg sentralt til for tilreisande. Det er gode overnattingstilhøve, kursrom, symjehall og nærleik til grunnskole og vidaregåande skole.

Departementet tek sikte på at Skådalen kompe-

tansesenter skal halde fram som eige senter, men blir flytt til dei ledige lokala ved Huseby kompetansesenter. Det vil seie at alle avdelingane utanom skolen for dei hørselshemma flytter til Huseby. Dersom ein ikkje får tilfredsstillande avtalar med Oslo kommune, flytter også skolen til Husebyområdet.

Når samlokaliseringa er gjennomført, vil det ikkje lenger vere behov for lokala på Skådalen, og husleigeavtalen med Statsbygg kan seiast opp.

8 Framtidige oppgåver utanom heiltidsopplæring for kompetansesentra for hørselshemma

8.1 Generelt om dimensjoneringa, organiseringa og arbeidsdelinga mellom kompetansesentra og fylkesledda (fylkesaudio-pedagogane)

I samband med strukturendringa i 1992 oppretta staten stillingar for syns- og audiopedagogar i fylka. Dei fleste av desse stillingane vart lagde til statens utdanningskontor, og i somme tilfelle kjøpte ein tenester frå fylkeskommunar. Det gjaldt Møre og Romsdal, Hordaland, Vestfold og Nord-Noreg. I alt vart det tilført 21 stillingar til audiopedagogtenesta i fylka. Frå 1. august 1999 vart fylkesaudiopedagogstillingane ved utdanningskontora lagde direkte inn under dei fire statlege hørselssentra. Sentra heldt oppe ordninga med kjøp av tenester ved dei tre fylka der det var ei slik ordning. I Nord-Noreg er stillingane inkluderte i Nordnorsk spesialpedagogisk nettverk.

Måla med audiopedagogtenesta i fylka er

- større nærleik til brukarar og samarbeidspartnarar
- ein nasjonal standard for statlege hjelpetenester i alle fylka
- meir samordna rapportering om brukarbehov i fylka og statistiske data om hørselshemma

Statped har våren 2003 gjennomført ei evaluering av tenesta. Av resultatane kan nemnast:

- Det å knyte fylkesaudiopedagogane til sentra er eit framsteg. Det gir betre samordning av tenestene frå fylkesleddet og senteret. Fylkesleddet får tilknytning til eit større fagmiljø.
- Fylkesleddet sikrar god lokalkunnskap og minskar terskelen for brukarkontakt med senteret.
- Hørselssentra er mest fornøgde med sjølv å ha det administrative og faglege ansvaret for audiopedagogane, men modellen med kjøp av tenester er også tilfredsstillande.
- I Nord-Noreg er ein tilfreds med dagens organisering, som er ei nettverksorganisering av tenestetilbodet.

Sunnanåutvalet fremja forslag om å heve talet på fagfolk som representerer sentra i fylkesleddet. Forslaget var at det bør vere minst to i kvart fylke, samtidig som ein ved utvidingar må leggje vekt på innbyggjartal og geografi. Sidan talet på hørselshemma elevar som tek opplæringa i heimekommunen stig, må det vere eit mål for Statped å overføre personale til fylkesleddet. Dette har Statped fullmakt til, og departementet forventar god samanheng mellom etterspurnad og tilbod.

8.2 Framtidige tilbod for hørselshemma – meir fleksibilitet i høve til brukarane og oppdragsgivarane sine behov

Statped kan innanfor sine fullmakter og ressursrammer ytterlegare styrkje tilbodet til dei tunghørte barna og elevane, inkludert dei som har fått CI. Talet på elevar som er tunghørte er merkbar større enn talet på døve elevar, og tunghørte elevar får i all hovudsak opplæringa i nærmiljøet sitt.

Informasjon og rettleiing til lærarane, personalet i barnehagar og andre fagpersonar i kommunane og fylkeskommunane bør så mykje som mogleg skje lokalt. Undersøkinga av opplæringa ved knutepunktskolane viste at lærarar som underviser hørselshemma elevar og ønskjer å betre kompetansen for å undervise hørselshemma elevar. Dette vil også i stor grad gjelde lærarar som har hørselshemma elevar i vanleg skole. Også kurstilbod til elevane bør så langt som mogleg givast lokalt. Det vil vere ei oppgåve for Statped å finne gode løysingar for å kunne dekkje behova innanfor dei ressursrammene sentra har.

Når det gjeld fordelinga mellom individ- og systemretta arbeid, vil mykje av arbeidet ha utgangspunkt i dei enkelte barna og elevane i kommunane, men samtidig må hørselssentra halde fram med å leggje vekt på å utvikle nettverket og systemet rundt barna og elevane.

Statped har blant måla sine å utvikle og spreie spesialpedagogisk kompetanse. Dette arbeidet

skjer i eit avtalefesta samarbeid med fagmiljøa ved høgskolar og universitet.

Hørselssentra skal bidra til at forskning og utviklingsarbeid på det spesialpedagogiske feltet skjer i god dialog mellom teorifeltet og praksisfeltet, og til at ein så langt ein kan, tek utgangspunkt i dei behov brukarane har.

Det vil framleis vere behov for forskning når det gjeld forståing og utvikling av teiknspråket. Utvikling av gode språkstimuleringstiltak for elevar med CI og tunghørte er og vil vere eit prioritert område.

8.3 Skole- og miljøtilbod

8.3.1 Opplæring, deltid (under 12 veker)

Ei viktig oppgåve for hørselssentra er å ha tilbod om deltidsoplæring til elevar som får opplæring i heimeskolen. Å vere saman med andre døve i eit større teiknspråkleg miljø har stor verdi for både den faglege og den personlege utviklinga til eleven.

Å møte dei ulike og stadig endra behova som deltidslevane har, og å tilpasse deltidsoplæringa til den opplæringa eleven får i heimeskolen, vil vere ei utfordring for hørselssentra. Det vil heile tida vere behov for å utvikle tilbodet, det gjeld både innhald og organisering.

Kva for behov den veksande gruppa av elevar med CI vil ha, vil vere avhengig av effekten av implantatet. Det blir også ei viktig oppgåve for senteret å ha fleksible løysingar som så langt råd er tek vare på behova til den enkelte eleven med CI.

Når foreldra til små barn er inne på senteret for å få opplæring i teiknspråk, får barna eit spesialpedagogisk tilbod. Samtidig får foreldra rettleiing.

8.3.2 Vaksenopplæring

Det er kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for tilboda om vaksenopplæring. Det gjeld også tilbod til vaksne hørselshemma. Oppgåva for kompetansesentra for hørselshemma blir å gi hjelp til dei kommunane og fylkeskommunane som melder sine behov.

Ei viktig gruppe vil vere døv- og sterkt tunghørtblitte vaksne. Det er sett i gang eit modellforsøk, *Rehabilitering av døv- og tunghørtblitte*, som har fått namnet ReSonare. Målet er å byggje opp eit kompetansenettverk for hjelp til døvblitte/sterkt tunghørtblitte og deira pårørande. Dei sentra som no tek del i dette forsøket, må ut frå desse erfaringane vidareutvikle dette arbeidsfeltet. Slutt-evalueringa av ReSonare vil vere viktig for Regjeringa når ho skal ta stilling til oppfølging av prosjektet.

Helsedepartementet og Sosialdepartementet har saman utforma ein plan for utvikling og organisering av tenestetilbodet: *Et helhetlig rehabiliteringstilbud til hørselshemmede*. I denne planen inngår også Statped med si audiopedagogteneste i fylka.

8.4 Særskilt om utvikling av tilbodet ved Briskeby HLFs skole og kompetansesenter

Det blir lagt opp til at Briskeby vil medverke i arbeidet med å heve kompetansen og utvikle tilbodet til tunghørte elevar ved knutepunktskolane. Staten vil ikkje avvike det vidaregåande skoletilbodet ved Briskeby før det er bygd opp gode alternativ ved knutepunktskolane.

Dersom det viser seg at knutepunktskolane etter ei tid oppfyller intensjonane om å vere eit godt tilbod for tunghørte elevar, må Statped vurdere behovet for å halde oppe eit skoletilbod ved Briskeby.

I Statped har Briskeby fått ei sentral rolle i prosjektet om rehabilitering av døv- og sterkt tunghørtblitte. Ein del av rehabiliteringa vil vere å gi opplæring i TSS til den nærmaste kretsen rundt den døvblitte. Statped og Briskeby må nytte desse erfaringane i arbeidet med å vidareutvikle opplæringstilbod i TSS for tunghørte elevar som treng slik støtte. Dette arbeidet må skje i samarbeid med dei andre hørselssentra.

9 Oppgjersordning for kjøp av tenester ved statleg finansierte opplærings- og butilbod

9.1 Oppgjersordninga for opplæring og butilbod ved statlege og statleg finansierte senter i dag

Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet får midlar til skoledrift på kap. 243 i statsbudsjettet. Sidan elevar som går på statlege og private skolar er ujamt fordelte mellom kommunar og fylkeskommunar, er det innført ei korreksjonsordning i inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar. Kommunar og fylkeskommunar blir trekte i rammetilskottet for skole- og butilbod som varer 12 veker eller meir per elev per skoleår. Med eit stabilt elevtal eller nedgang i elevtalet er denne ordninga ei omfordeling mellom kommunar og mellom fylkeskommunar innanfor rammene. Dei summene som blir trekte inn, blir fordelte ut att på alle kommunane eller fylkeskommunane på grunnlag av kor mange barn i alderen 6–15 år kommunen har, og kor mange unge i alderen 16–18 år fylket har.

Trekksatsane i 2003 er

– for opplæring:	180 300 kr. per elev
– for butilbod:	190 900 kr. per elev

For skoletilbod i 12–22 veker nyttar ein halv trekksats.

Trekksatsane vart justerte i 2003 etter å ha stått uendra sidan 1992. Desse satsane er lågare enn den antatte gjennomsnittskostnaden for eit tilsvarende tilbod både i kommunane og ved kompetansesentra.

Kommunane og fylkeskommunane har direkte utgifter til

- heimreiser utover sju, som skolen dekkjer
- fagpersonar frå heimstaden som skal delta på møte på sentra
- eventuell støttekontakt
- eventuelle styrkingstiltak i skole og bustad for elevar med spesielle vanskar

Fylkeskommunen dekkjer daglege skyssutgifter til elevar som ikkje har butilbod ved senteret.

Korreksjonsordninga omfattar ikkje følgjande tilbod:

- opplæringsstilbod til barn under skolepliktig alder
- vaksenopplæring
- tilrettelagde butilbod for elevar som bur nær senteret, men der kommunen av ulike grunnar søkjer om butilbod til eleven

9.2 Forslag frå Sunnanåutvalet

Sunnanåutvalet innstilte på at ein held oppe korreksjonsordninga, men at ein oppjusterer trekksatsane så dei kjem nærmare dei reelle gjennomsnittsutgiftene for tilboda. Utvalet tilrådde også at ein justerer satsane årleg i takt med konsumprisindeksen.

Utvalet la vekt på at brukarorganisasjonane gjekk inn for korreksjonsordninga, med oppjustering av satsane.

Utvalet ville ikkje foreslå nokon annan sats for elevar ved AKS som er meir ressurskrevjande.

9.3 Utgreiing frå ei tverrdepartemental arbeidsgruppe om framtidig betaling for statlege og statleg finansierte tenester

9.3.1 Mandat og alternative forslag

I St.prp. nr. 64 (2001–2002), Kommuneproposisjonen, vart det informert om at departementet ville setje ned ei arbeidsgruppe for å vurdere den gjeldande oppgjersordninga. I tillegg til representantar frå Utdannings- og forskingsdepartementet var Finansdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Kommunenes Sentralforbund representerte i gruppa.

Mandatet var:

«Arbeidsgruppa skal vurdere nåværende oppgjørsordning for de kommuner og fylkeskommuner som benytter statlig/statlig finansierte

tilbud om skolegang og boopphald for hørselshemmede og døvblinde samt utrede, vurdere og foreslå aktuelle oppgjørsordninger.»

Arbeidsgruppa leverte rapporten i februar 2003.

Arbeidsgruppa tok som utgangspunkt at oppgjørsordninga skulle omfatte det same som ho gjer i dag.

I samband med presentasjonen av forslaga skriv arbeidsgruppa:

«Arbeidsgruppa vil innledningsvis uttale at dagens korreksjonsordning har vært et godt virkemiddel for å realisere de politiske målene om et skoletilbud for hørselshemmede. Dersom en skal endre dagens ordning, må det være tungtveiende grunner til for å gjøre det.»

Det blir også vist til at hørselshemma elevar utgjør berre 10 % av alle som fell inn under korreksjonsordninga.

9.3.2 Forslag frå arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa foreslår at same kva oppgjørsordning ein vel, bør ein ikkje velje ei ordning som gjer det vanskeleg for døve elevar med tilleggsvanskar, og døvblinde elevar, å velje det best moglege alternativet.

9.3.2.1 Kurs og deltidso pplæring

Arbeidsgruppa innstiller på at det ikkje blir endringar for deltidso pplæring og kurs-/korttidsopphald. Desse tilboda blir gitt utan trekk til kommunar og fylkeskommunar.

9.3.2.2 Butilbod

Når det gjeld oppgjørsordninga for butilbod ved senteret, ber arbeidsgruppa om at departementet vurderer nærmare om ein bør fjerne ordninga. Grunnen til forslaget er at dette er ei ekstra belastning for kommunar og fylke som ligg langt frå senteret. Det gjeld berre om lag 50 elevar, og talet på elevar som bur på senteret, vil mest sannsynleg minke i åra som kjem.

9.3.2.3 Heiltidsopplæring

Arbeidsgruppa ser to alternativ til oppgjørsordning for opplæringstilbud over 12 veker, men tek ikkje stilling til kva for alternativ som bør veljast:

«1. Korreksjonsordning med trekksetser gradvis økende mot tilnærmet gjennomsnittskostnader for kommunale/fylkeskommunale opplærings-

tilbud for hørselshemmede (som Sunnanåutvallets forslag)

2. Direkte betaling av en sats tilnærmet gjennomsnittskostnader for kommunalt/fylkeskommunalt opplæringstilbud for hørselshemmede.»

9.4 Departementet sine vurderingar av og konklusjonar om den framtidige betalingsordninga for statlege og statleg finansierte tenester

9.4.1 Døve elevar med tilleggsvanskar og døvblinde elevar

Desse elevane får i hovudsak tilbud om opplæring ved Andebu kompetanse- og skolesenter, AKS, og ved skolen for døvblinde ved Skådalen kompetansesenter. Det er i alt om lag 25 elevar som er svært kostnadskrevjande. Departementet vurderer det slik at desse elevane framleis må få opplæringstilbud til den same satsen som vil gjelde hørselshemma elevar utan funksjonsvanskar.

9.4.2 Betaling for kort- og deltidstilbod

Departementet ser ikkje nokon grunn til å endre ordninga med tilbud om kurs og korttidsopphald for hørselshemma elevar eller deltidso pplæring for teiknspråklege elevar. Desse tilboda bør framleis givast utan at kommunane og fylkeskommunane får eigendel eller trekk.

9.4.3 Oppgjørsordning for butilbod og heiltids opplæringstilbod

Departementet legg i vurderinga vekt på følgjande:

- Korreksjonsordninga har fungert tilfredsstillande, ho er oversiktleg og lite byråkratisk.
- Arbeidsgruppa som vurderte oppgjørsordninga, understreka at korreksjonsordninga hadde fungert tilfredsstillande, og at det skulle gode grunnar til for å endre ordninga, men at satsane burde aukast.
- Brukarorganisasjonane ønskjer og å halde korreksjonsordninga oppe.
- Det gjeld ei lita gruppe elevar, og talet vil minke.
- Det ser ikkje ut til at ordninga har ført til overforbruk av det statlege tilbodet, sidan tendensen er minkande elevtal.
- Det er nokre elevar med tilleggsvanskar og døvblinde som er svært kostnadskrevjande, og

som det er riktig at staten medverkar til å finansiere.

- Sunnanåutvalet innstilte på at den noverande korreksjonsordninga blir halden oppe, men at satsane blir oppjusterte.

Departementet går inn for at dagens korreksjons-

ordning for butilbod og heiltids opplæringstilbod blir ført vidare, men at satsane blir justerte.

Departementet vil også vurdere å gjere trekkordninga meir fleksibel, slik at storleiken på trekket vil vere avhengig av kor stor del av skoleåret eleven er ved ein senterskole.

10 Personellmessige, økonomiske og administrative konsekvensar

10.1 Personellmessige konsekvensar

Dei endringane det er gjort greie for i denne meldinga, kan medføre at somme tilsette ved kompetansesentra blir overtallige. Desse vil i så fall ha krav på ventelønn frå staten. Departementet vil kunne hjelpe dei med å finne nytt arbeid. I tillegg vil departementet vurdere å gi tilsette som blir overtallige, høve til å søkje om stipend i inntil eit år for å ta utdanning. Storleiken på stipendet vil svare til den ventelønna den tilsette ville ha motteke det same året. Ved å få omgjort ventelønna til stipend treng ein ikkje stå som arbeidssøkjar det året ein tek utdanning.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet har i rettleiinga: *Personalpolitikk ved omstillingsprosesser* presentert ulike verkemiddel ved omstilling og nedbemanning som kan nyttast som alternativ til oppseiing frå verksemda si side. Departementet vil i samarbeid med leiinga i Statped vurdere kva for verkemiddel ein vil nytte.

10.2 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei tiltaka det er gjort greie for i denne meldinga, skal dekkjast innanfor dei økonomiske rammene i kapittel 243 Kompetansesenter for spesialundervisning.

Trekksatsen for heiltidselevar vil bli auka. Med eit stabilt elevtal eller nedgang i elevtalet vil dette ikkje medføre endringar i dei totale rammene til kommunesektoren.

Departementet vil gå vidare med drøftingar om overføring av opplæringstilbod til Oslo kommune og Hordaland og Vestfold fylkeskommunar, med sikte på slutføring etter at Stortinget har behandla denne meldinga.

Utdannings- og forskingsdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utdannings- og forskingsdepartementet av 12. desember 2003 om opplæringstilbod for hørselshemma blir send Stortinget.
